



Hjelmås VVS AS
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2215 - 17/1945

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.01.2017

Svar på skriv - gbnr 234/23 Eide ytre

Kommunen viser til din førespurnad datert 28.12.2016 og samtale per telefon 18.01.2017 om saka.

Vi forstår det slik at eigedomen gbnr 234/23 skal koplast til eksisterande utsleppsleidning som er godkjend etablert for gbnr 234/46 (tidlegare bankbygg). Dersom utsleppsløyvet for fellesleidningen er gitt for eit så stort tal pe at det framleis er kapasitet til at gbnr 234/23 kan knytast til, er det ikkje naudsynt å søkja om utsleppsløyve. Det er då tilstrekkeleg at ein søkjer om løyve til etablering av utsleppsleidning fram til fellesleidning.

Søknaden må dokumenterast med nødvendige grunneigarerklæringar og avtale om bruk av privat leidningsnett. Det må også gjerast greie for anlegget sin tekniske stand og dokumenterast kor mange utsleppsleidningen er godkjend for og kva eigedomar som er knytt til leidningen. Dersom utsleppsløyvet derimot ikkje er godkjend for ein storleik som gjer at det er kapasitet til at eigedomen kan knytast til anlegget må det søkjast om utvida utsleppsløyve. Storleik på utslippet, kor mange som er tilknytt m.m. må gjevast opp. Det er eigar av anlegget som må søkja om utviding.

Når det gjeld utsleppsløyvet som er gitt for gbnr 234/46 kan vi ikkje sjå at det er godkjend for fleire enn 5 pe og det må difor søkjast om utvida utsleppsløyve. Dersom de sit på andre opplysningar om dette ber vi om at de tar kontakt.

Når det gjeld ditt spørsmål om tinglysing av privat avtale mellom leidningseigarane og grunneigarane set vi ikkje krav om at avtalen skal vera tinglyst. Vi vil likevel tilrå at dette vert gjort slik at rettane er best mogleg sikra for framtida.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Finn Dyrkolbotn

Lillehatten 115

5148

FYLLINGSDALEN

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

5915

HJELMÅS